

VEDLEGG 2 - VURDERING AV SØKNADER

Kompetanseutvikling – korte kurs						
Tiltak	Søkjar	Sum søkt	Total-budsjett	Kort omtale	Vurdering	Tilråding - sum
1. Kurs i grovforøkonomi	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	45 000	137 000	<p>Mykle eigenprodusert grovför av god kvalitet gjev den beste økonomien i husdyrproduksjonen. Om grovføret vert produsert med låge kostnader gjev det den aller beste lønsemada. Ved å tilby kurs i grovforøkonomi ynskjer NLR å skape motivasjon og interesse blant husdyrprodusentane til å gå inn i analysen av grovforøkonomien i eiga drift, og nytte resultata vidare for å setje i verk tiltak for å betre lønsemada i drifta.</p> <p>Kurset skal gje deltakarane grunnleggande kunnskap om grovforøkonomi, bruk av analyseverktøy og nøkkeltal for å vurdere eiga drift. Kursdeltakarane skal arbeide med eigne mål for reduksjon av grovforkostnader og betring av lønsemada. I løpet av kurset bør kursdeltakarane ha gjennomført tiltak som har redusert grovforkostnadene med 10 – 20%. Kurset er lagt opp med tre samlinger for kursdeltakarane og individuell rådgjeving mellom samlingane.</p> <p>Analyseresultata som har kome fram i prosjektet Grovför 2020, vil bli nytta som grunnlag i kurset.</p>	<p>Grovförbasert husdyrhald er bærende produksjonar i fylket. Å tilby kurs for å redusere grovforkostnadane, og såleis betre lønsemada er eit tilbod som potensielt kan nå og vere viktig for mange bønder.</p> <p>Det har blitt gitt mange tilskot til ulike grovforprosjekt frå RK-midlane oppgjennom. Vi kunne såleis vurdert om det er andre tema som burde blitt prioritert i år. Vi legg likevel vekt på at dette er eit tema som er sentralt for mange og som potensielt kan auke lønsemada for mange bruk. Vi legg også vekt på at det er eit kurs med fleire samlinger og individuell rådgjeving mellom samlingane.</p>	45 000
2. Rett grovforkvalitet - prognosar og kunnskapsformidling	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	42 000	99 412	<p>NLR Vest arbeider med eit prosjekt kalla "Intensiv grovförrådgjeving", der nye metodar for å formidle faginfo til bonden vert prøvd ut. NLR Vest ynskjer å utvide dette arbeidet til også å omfatte temaet rett grovforkvalitet. Dei vil då måle kvalitet frå slutten av mai til ut juni, og nytte dette i smågruppemøte i felt rett før slåtten startar.</p> <p>Prosjektet har som hovudmål at kvar bonde skal kunne produsere den grovforkvaliteten som ein ynskjer. Effekten skal vere motiverte og kunnskapsrike bønder, og mindre kjøp av for. Uttak av grasprøver i ulike deler av fylket og karakterisering av utviklingstrinn vert avgjeraende for å skaffe eit godt datagrunnlag for rådgjevinga.</p> <p>Grasprøvene vert tørka ned over natt og sende til laboratorium i NIBIO. Når NLR får att analyseresultata blir dei tolka og det blir laga prognosar for kvalitetsutvikling den neste veka. I tillegg til kvalitetsdata frå lab vert det nytta verprognose og fenologisk utviklingstrinn for enga det er teke ut prøvene frå. Totalt 18 prøver frå 6-8 ulike stader i fylket vil bli analysert.</p> <p>Formidlinga av dette vil bli gjort i smågrupper med motiverte bønder. Tema vert kvalitetsutvikling, plantekultur, plantevern, gjødsling og innhausting/ensilering. Målet er å arrangere minst 8 slike smågruppemøte rett før førsteslått.</p>	<p>Vi viser til vurderinga ovanfor om at betre utnytting av grovforet kan ha stor effekt i eit fylke som vårt. Prosjektet vil truleg vere ei god utviding av prosjektet Intensiv grovförrådgjeving. Men vi meiner det i år ikkje er rom for to prosjekt innan temaet, og det har vore mange tilskot til ulike grovforprosjekt oppgjennom. Vi vel å prioritere prosjektsøknad 1 Kurs i grovför, då vi meiner det vil ha mest praktisk nytte for fleire.</p>	0

3. Beitefagdagar - geit, sau og ammeku i Sogn og Fjordane	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	40 000	77 920	<p>NLR Vest driv prosjektet "Utmarksbasert kjøtproduksjon". Her er fokuset å støtte opp om utmarksbaserte næringer som sau og ammeku. Produksjonsfagleg rådgjeving har ikke vore sentralt i dette prosjektet som fokuserer på motivasjonsarbeid, byggfagleg rådgjeving, økonomi og driftsplanning m.m. Fagdagane skal støtte opp om arbeidet i prosjektet.</p> <p>Beite kan vere ein god og billeg førressurs, som bør ha større fokus i sauehaldet, geitenæringa og i ammekuproduksjonen. Relativt billeg kraftfør har ført til at fokuset er teke vekk frå godt beitestell mange stader.</p> <p>Målet er å sette fokus på føropptak på innmarksbeite og utmarksbeite i ei tid der lønsemada i landbruksnæringane står i fare for å bli redusert. Effektane skal vere billigare føring og betre botnlinje i produksjonane.</p> <p>Det skal arrangerast 3 fagdagar i Gaula/HAFS med sau, geit og ammuku i fokus, samt ein fagsosial kveld med foredrag av botanikar/beitefagperson. Fagdagane vil ha fokus på drift og stell av innmarksbeite for alle tre dyregruppene, bruk av utmarksbeite, dyrehelse og økonomi.</p>	<p>Det er viktig å best mogleg nytte dei gode beiteressursane som vi har her i fylket. Det er viktig både for å nytte ressursane og inntenninga på gardane betre, men også for omsyn som å hindre attgroing, og for reiselivet. Dette er truleg ei god utviding av prosjektet "Utmarksbasert kjøtproduksjon".</p> <p>I rekruttering og kompetansehevingsperspektiv finn vi likevel ikkje rom for å prioritere denne søknaden. Det må vurderast om det finnast rom for det innanfor etablert prosjekt. Sjølv om vi ser trøngt for ein ekstra innsats i Gaula/HAFS meiner vi at vi med desse midlane må prioritere kurs og prosjekt som når vidare geografisk.</p>	0
4. Ny teknologi for lysgroing av potet	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	21 000	41 000	<p>Innan lysgroing er ein i ferd med å utvikle heilt nye tekniske løysingar med bruk av led-lys. NLR seier det er viktig at tidlegpotetmiljøet i fylket vårt blir med på denne utviklinga, for å halde tritt med andre distrikta i landet. Kurset skal gje bøndene nødvendig kompetanse for å ta i bruk dei nye systema.</p> <p>Målet med gjennomføring av kurset er at tidlegpotetmiljøet i Sogn og Fjordane skal vere framst i landet med bruk av moderne teknologi og dyrkingsmetodar.</p> <p>NLR vil arrangere eit dagskurs og bruke lærekrefter mellom anna frå NIBIO. NLR seier det er avgjerande med eksternt støtte fordi det er kostnadskrevjande å leige inn eksterne føredragshaldarar.</p> <p>Forskingsmiljøa i NIBIO har i nokre år arbeidd med å utvikle nye metodar for lysgroing med led-lys i staden for tradisjonell lysgroing. Systemet har mange fordelar, og vil m.a. gjere at tidlegpotetene vil kunne kome endå tidlegare ut i marknaden.</p>	<p>Det er eit lite tidlegpotetmiljø i fylket, men det er viktig for dei som driv med potetproduksjonen å halde tritt med teknologiske nyvinningar. Det er eit potensiale meier meir dyrking i fylket. Vi ser det også som meir attraktivt for nytableringar om miljøet er i front med utviklingstiltak.</p>	21 000
5. Tidlegpotetskulen - kurs for nye og erfarte potetdyrkarar	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	45 000	95 500	<p>Utvikling av produksjonen av potet for den norske marknaden er avhengig av eit kontinuerleg forbetringssarbeid. For å sikre at dyrkarane i Sogn og Fjordane har oppdatert kompetansen, har NLR Vest planlagt eit opplegg i 2019, der både nye og erfarte potetdyrkarar får gått gjennom tidlegpotetdyrkning frå A til Å.</p> <p>Kurset består av 4 samlingar med både teoretisk og praktisk undervising, som strekkjer seg frå februar til oktober-november.</p> <p>Lærdalspotet har lenge hatt eit kvalitetstempel, og dette ønskjer ein å behalde. Målet er potetproduksjon med utvikling i kvalitet og sortsutval minst på høgde med resten av landet. Kurset skal gjere kursdeltakarane i stand til å dyrke potet med høg kvalitet og å ta i bruk ny kunnskap og teknologi innan potetdyrkning.</p>	<p>Sjølv om det kunne vore fleire dyrkarar i fylket og at eventuelt nye dyrkarar kunne haft nytte av kurset vel vi å prioritere ny teknologi jf. førre søknad. Vi trur den er mest spissa mot å utvikle kompetansen vidare.</p>	0

6. Nybyrjarkurs i moderne fruktdyrking for Sogn og Fjordane 2018	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	35 000	90 000	<p>NLR Vest skal gjennomføre nybyrjarkurs i moderne fruktdyrking for nystarta produsentar i næringa, og for andre som har overteke ein gard og vurderer å starta med fruktdyrking. Det er rom for ein langt større produksjon av frukt med god kvalitet i frå Sogn og Fjordane. For å lukkast i ei slik næring treng ein kompetanse om moderne dyrkingsteknikk og korleis ting best kan gjerast.</p> <p>Kurset lagt opp som 4 dagsamlingar fordelt på vår, sommar, haust og vinter gjennom sesongen 2018. Det er lagt opp til at ca 15-20 deltarar skal kunna delta på kurset. Program for dei ulike samlingane er lagt opp som ein gjennomgang av aktuelle ting heilt i frå nyplanting, via skadedyr/sjukdomskontroll, avling og beskjering.</p> <p>Målet er å gje ein grunnleggande kompetanse innan moderne nyplanting av frukt med kunnskap om plantesystem, stell og drift. Målet er at kurset skal dekka mykje av kunnskapstrøgen for å koma i gong og å lukkast med ein profesjonell produksjon av frukt. Kurset vil også bygga nettverk mellom nye dyrkarar i næringa, slik erfaringsutveksling kan finna stad.</p>	<p>Innanfor hagebruket har det vore ei positiv utvikling, og fylket har hatt gode resultat på frukt og bær dei siste åra. Men for at vi skal greie å halde på og auke produksjonen samla av frukt og bær, er det stor trøng for nye og yngre utøvarar i frukt- og bærnæringa, meir areal, og auka kunnskap om dyrkingsteknikk og sortar.</p> <p>Søknaden er i tråd med prioriteringane i planen, og retta mot nye dyrkarar og ny produksjon.</p>	35 000
7. Integrert plantevern (IPV) i kjernefrukt	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	40 000	80 300	<p>IPV-prinsipp skal ligge til grunn for bekjemping av skadegjerarar i fruktproduksjonen. Bruk av plantevernmiddelet skal grunnegvast i situasjonen i kvar enkelt hage før ein set inn bekjempingsstiltak. Det krev at dyrkarane kjenner dei ulike skadegjerarane og nyttevira og har metodikk for å kunne påvise dei. Dyrkarane må lære seg å identifisere ulike insekt, midd og soppartar, vurdere situasjonen opp mot skadetersklar og setje inn riktige tiltak i bekjempingen om nødvendig.</p> <p>Det er stort behov for kompetansebyggjing då mange nye dyrkarar ikkje har delteke på IPV-kurs tidlegare, samtidig som erfarne dyrkarar treng oppdatering og repetisjon innan dette fagfeltet.</p> <p>NLR vil arrangere eitt kurs i Sogn og eitt i Nordfjord. Det blir halde tre samlingar på kvart kurs.</p> <p>Målet er at auka kunnskapsnivå skal redusere bruken av kjemiske plantevernmiddelet i fruktproduksjonen. Dette til beste både for miljøet og lommeboka til dyrkarane.</p>	<p>Vi trur dette er eit viktig og nyttig kurs for dyrkarane - og som legg vekt på miljøomsyn. Sjølv om IPV også bør vere ein del av nybyrjarkurset og ein såleis når ein del dyrkarar, ser vi trøng for at også andre skal få tilgang til dette kurset.</p>	40 000

8. Trygg traktor på bø og veg med sikra last og reiskap	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	50 000	79 000	<p>Bruk av traktor med reiskap eller tilhengar har lenge vore ei stor årsak til alvorlege ulukker i landbruket. Prosjektet tek siktet på å produsere og arrangere fagkurs/møter med fokus på tryggleik ved bruk av traktor. Målet er å auke kunnskap og medvit omkring krav til tryggleik og sikring av traktor, ustyr og last, og gjennom dette bidra til at det skjer færre ulukker ved bruk av traktor.</p> <p>Prosjektet tar siktet på å produsere grunnleggande fagkurs i bruk av traktor, reiskap og last. Det vil mellom anna vere fokus på oppbygging og verkemåte, korleis tunge reiskapar eller last endrar traktoren, effekten av setebelte, sikker transport av reiskap, og sikring av lass. Risikovurdering og tiltak er viktige stikkord. Målet er at ein skal spreie kunnskap og haldninga omkring bruk av traktor, og gjennom dette få ein reduksjon av tal traktorulukker.</p> <p>Prosjektet vil ha eit aktivt samarbeid med faglag, arbeidstilsyn, Statens vegvesen og traktor/ustyrsleverandør. I første omgang er målet å utarbeide eit fagkursopplegg og arrangere dette som opne møter 3-4 stader i fylket.</p>	<p>Vi tenker at temaet er viktig, men med avgrensna midlar må vi prioritere kva prosjekt som skal støttast. Vi prioritiserer traktorkurs for bonde nummer to på bruket i regi av Mo og Øyrane i år.</p>	0
9. Korte kurs	Mo og Øyrane vgs.	271 500	608 400	<p>Prosjektet går ut på å arrangere 11 ulike kurs i 2018/2019. Dei aller fleste kursa er knytt opp mot ulike dokumentasjonskrav i næringa. Målet med kursa er at deltakarane får den kompetansen som næringa krev og har behov for, og at deltakarane får dokumentasjon og kursbevis på sine kvalifikasjoner.</p> <p>Effekten av prosjektet er meir kunnskap og auka tryggleik i landbruket og for samfunnet elles. I tillegg får bøndene dokumentert kompetansen sin og kan lettare påta seg oppdrag utanfor gardsbruket.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenningskurs i bruk av motorsag for ungdom</li> <li>• Traktorkurs</li> <li>• Autorisasjonskurs i plantevern</li> <li>• Laftekurs (erstattar grindverkskurs)</li> <li>• Kurs i Varme arbeid</li> <li>• Grunnleggjande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar</li> <li>• Kurs i Masseflyttingsmaskin (maskinførarkurs)</li> <li>• Truckkurs</li> <li>• Stilaskurs</li> <li>• Trygg og sikker handtering av dyr</li> <li>• Sikring av last</li> </ul> <p>Nærare omtale av dei ulike kursa i søknaden.</p>	<p>Dette er stort sett etterspurde kurs, sjølv om etterspurnaden kan variere mellom åra. Vi ynskjer difor å støtte kursa som tidlegare. Det er også positivt at det er stor grad av eigenfinansiering, slik at det blir tilbydd mange kurs for midlane. Men det er også naturlig at det er betalingsvilje for ein del av desse sertifiseringskursa. Det er også positivt at bøndene får dokumentert kompetansen sin og at det er bygd opp eit kompetanseenter for landbrukssertifering som ramme rundt desse kursa.</p> <p>Det er mange søknader i år og vi finn det rett å støtte fleire ulike aktørar og tema, vi legg difor opp til å redusere tilskotet frå i fjor som var på 230 600 noko. Vi ber skulen vurdere kva grep som må gjerast ut frå dette, men ynskjer at kurs som legg grunnlag for at bøndene lettare kan ta på seg oppdrag utanfor bruket og kurs som er direkte avgjerande for produksjonen vert prioritert. Vi ynskjer å støtte eitt motorsagkurs for ungdom i år og prioriterte skogselskapet. Det vert difor ikkje gitt tilskot til motorsagkurs for ungdom på Mo og Øyrane vgs. i år.</p>	205 000

10. Søknad om tilskot til korte kurs i skogbruket i Sogn og Fjordane	Sogn og Fjordane skogselskap	150 000	187 500	<p>Sogn og Fjordane Skogselskap søker om midlar til å arrangere til saman 25 dagskurs for skogeigarar, og for ungdom med skoginteresse lokalt kring i kommunane i fylket. Kursa vert organiserte og gjennomførte ved eit samarbeid mellom søkeren, prosjektleiaren, skogbruksinstruktør og landbruksforvaltninga i kommunane i fylket, som sit med lokalkunnskap om kor trongen for kursinnsats er størst.</p> <p>Det er vald ut 4 ulike kategoriar kurs; tømmerkapping for skogeigarar, skogfondkurs, kurs for nye skogeigarar, motorsagkurs for ungdommar. Kurset skal auke kompetansen hos deltakarane, gjere dei meir interesserte i skogbruksnæringa og stimulere til vidare utdanning i næringa. Prosjektet tek sikte på å nå fram til i alt 375 kursdeltakarar.</p> <p>Effektane for næringsutøvarane vil verte eit betre, tryggare og meir lønsamt skogbruk. For samfunnet vil nytteverknaden vere større avverikingsaktivitet av den fornybare ressursen skog og betre og meir verdiskapande utnytting av den tømmerressursen som vert teken ut.</p>	<p>Det er eit stort potensiale for auka verdiskaping i skogbruket i fylket. Det er fleire år sidan det var større tiltak innan skog blant søkerane, og det er ynskjeleg å støtte tiltak som kan bidra til rekruttering og kompetanseheving også innan skogbruket. Vi ynskjer difor å støtte desse kursa.</p> <p>Målsetjinga er 375 kursdeltakarar og søker må truleg jobbe godt med mobilisering og markedsføring.</p> <p>For å stimulere til kurspåmelding frå dei målgruppene som treng det mest har skogselskapet lagt opp til eit lågterskeltilbod utan kursavgift. Vi meiner at dei aller fleste kurs bør ha iallfall ein liten del eigendel/kursavgift men ser at det kan vere ein fordel om den er låg ved første gong gjennomføring. Vi ber skogselskapet vurdere om det kan takast ein liten eigendel på nokre av kursa og set av ein sum som er noko under det som er søkt om.</p>	125 000
11. Kurs/erfaringsgruppe i bedriftsleiring for mjølkeprodusentar	TINE SA ved TINE rådgjeving Sogn og Fjordane	320 000	780 000	<p>Det er stor skilnad mellom mjølkebruk med omsyn til produksjonsstorleik og driftsapparat. Mange har bygd nytt, medan andre må ta val for framtida, mellom anna for å oppfylle offentlege krav frå 2024 og 2034. I tillegg til rammevervilkår som stadig er skiftande, blir det å fylle rolla som bedriftsleiar på eigen gard meir krevjande. TINE ynskjer å setje saman erfaringsgruppe med deltakarar som er på noko lunde same utviklingsstadium. I gruppene vil TINE bidra med fagkunnskap og deltakarane med erfaringar frå kvar dag. Dette håpar TINE håper kan bidra til utvikling av eigen gard i tråd med eigne ynskje og mål.</p> <p>Målet er meir effektiv styring av garden og bruk av arbeidskrafta, kan gje betre fortaneste og skape suksess både forretningsmessig og familiært.</p> <p>I prosjektet skal TINE jenomføre møter i grupper med deltakarar frå inntil 10 bruk. Kvar gruppe er med på to møter totalt, eitt i 2018/2019 og eitt i 2019/2020. I løpet av første møtet skal deltakarane kome fram til kva som skal vere målet for eigen gard i eit 5-10 årsperspektiv samt konkrete tiltak dei vil jobbe med fram til neste møtet. Deling av erfaringane, blir ein del av møta. Kvar produsent får tilpassa informasjon om kor ein kan få rådgjeving til å jobbe fram tiltak for sin gard. Kostnadane for dette betalar deltakarane sjølv.</p> <p>Det er søkt støtte frå næringsfonda i kommunane Gloppe og Eid for eit prosjekt geografisk avgrensa til desse kommunane. I samtale med kommune opplyser dei at det er sendt søknad også til Stryn og Jølster.</p>	<p>Vi meiner det er positivt med tiltak der målet er å få ei meir effektiv styring av garden, og å jobbe strategisk med utvikling av verksemda. Det er også positivt at det vert lagt opp til erfaringsutveksling mellom bruk med om lag sama utfordringar. Men vi ser at dette er eit kostnadskrevjande prosjekt, og søkeren framstår også noko uklar på kva mål som skal vere oppnådd ved prosjektslutt. Vi ser heller ikkje at det er rom for å prioritere prosjektet innanfor rammene.</p>	0

12. Kursmatriell til produksjonsetablering innan allsidig småskala økologisk frukt og bær	Sogn Jord og Hagebruks-skule	100 000	750 000	<p>Innanfor fruktdyrking og dei godt etablerte økologiske vekstane som jordbær, frukt (plomme og eple, tettplanting) og bringebær kjem det nye dyrkningsmanualar kor det vert integrert og oppdatert øko-informasjon. Men innanfor bærbuskar som rips, solbær, stikkelsbær, bjørnebær, kvede, blåbær, er det ikkje laga dyrkingsretteliarar med økologisk informasjon integrert. Og strategiar for samplanting i eit langsiktig perspektiv finst det ikkje kursmateriale eller råd om korleis dette kan gjerast innanfor fleirårige kulturar.</p> <p>Hovudformålet er å få på plass ein vegleiar/kurskompendium for drift av ein slik diversifisert hage inkludert betraktnigar om marknad, sal og det å vere arbeidsgivar/organisere innhausting. Det skal også gjennomførast eit pilotkurs og deltakarane sine hagar kan så bli visningshagar. På eit seinare tidspunkt blir det planlagt ein visningshage hjå SJH.</p> <p>Det er i dag stort fokus på kurs og oppfølging av hagedrift retta inn mot konsummarknaden gjennom dei store volumkanalane. Men det ligg eit betydeleg potensial i direktesal av frukt og bær. SJH seier nytteverdi for deltakarane vil vere at ein får samla kunnskapen slik at ein er i stand til å etablere ein allsidig hage med vissheita om at dette vil ein lukkast med. I tillegg vil ringverknadane i grinda og bygda bli stor.</p> <p>SJH vil starte prosjektet etter oppmøding frå Føregangsfylke frukt og bær.</p>	<p>Det er eit stort potensiale for meir sal av økologisk frukt, og det må gjerast ein jobb for å få meir økologisk frukt og bær fram mot marknaden. Vi meiner difor at dette er eit potensielt viktig prosjekt dersom det lukkast. Det er også positivt at prosjektet skjer i samarbeid med Føregangsfylket frukt og bær.</p> <p>I søknaden er det opplyst at dei også har søkt fylkesmannen. Det stemmer ikkje. Det er såleis ikkje ei problemstilling om fylkeskommunen eller fylkesmannen skal vurdere prosjektet.</p> <p>Vi ynskjer å støtte prosjektet, men finn ikkje rom for å gå inn med omsøkt sum.</p>	62 000
<b>SUM KORTE KURS</b>		<b>1 159 500</b>	<b>3 026 032</b>		<b>533 000</b>	

#### Utviklingsprosjekt innan rekruttering og kompetanseheving

Tiltak	Søkjær	Sum søkt	Total-budsjett	Kort omtale	Vurdering	Tilråding - sum
13. Rekruttering til naturbruksutdanning i Sogn og Fjordane	Mo og Øyrane vgs.	400 000	614 000	<p>Prosjektet går ut på å koordinere og gjennomføre ulike rekrutteringstiltak, som til saman skal gi nok søkerar til grøn naturbruksutdanning. Hovudaktiviteten er retta direkte mot ungdomsskulane i heile fylket for å rekruttere fleire elevar til Vg1 naturbruk.</p> <p>Gjennom året kan elevar fra ungdomsskulane i fylket komme til Mo på hospitering innan ulike fagfelt. Skulen vil tilby ungdomsskuleelevar kurs innan arbeidslivsfag, som t.d. bruk av motorsag, husdyrstall, hest og eventuelt andre kurs det er interesse for. Skulen vil dra ut og informere om naturbruksutdanning til dei ungdomsskulane som er interesserte.</p> <p>Skulen vil arrangere utdanningsval vår og haust for 9. og for 10. klasse.</p> <p>Etter skuleslutt kan ungdomsskuleelevar frå 8. og 9. klasse komme til Mo og vere på ungdomscamp ei heil veke.</p> <p>Gjennom prosjektet vil ein også delta på bondens marknad, stand og andre arrangement knytt opp mot landbruk.</p> <p>Skulen har dei siste åra hatt gode søkeratal, og høg fullføringsgrad noko som ein meiner kan knytast opp mot dette prosjektet.</p>	<p>Skulen gjennomførte eitt treårig prosjekt i 2014-2016. Dei ynskte så å gjennomføre eit prosjekt etter same mal for åra 2017-2019. Både første prosjektperiode og i 2017 fekk skulen støtte frå midlane til rekruttering og kompetanseheving. Prosjektet har hatt, og vil framleis ha ein prosjektleiar i 40% stilling. Dei siste åra har det vore mange elevar på ventelisten for Vg1 etter 1. intaket ved Mo og Øyrane vgs.</p> <p>Arbeidet er viktig og det vert gjennomført mange ulike aktivitetar. Rekrutteringa til naturbruksutdanninga er auka. Som i fjar meiner vi det på sikt er det ynskjeleg om ein del av aktiviteten kan inngå som ein del av den vanlege drifta på skulen. Vi meiner likevel dette er eit viktig prosjekt, der ein får gjort mange ulike tiltak og som har lukkast godt. Vi går difor inn med same sum som fjaråret, kr 350 000.</p>	350 000

14. Framtida i landbruket	Sogn og Fjordane Bondelag	140 000	305 000	<p>Hovudmålet er å gje ungdom i 8. og 9. klasse på ungdomsskulen kjennskap til utdanningsvegar og yrkesmøgleheter innan landbruket i Sogn og Fjordane. Det er også eit mål å styrke nettverket mellom kommunane, naturbrukskulane og næringa.</p> <p>Skulane integrerer prosjektarbeidet som ein del av undervisningsopplegget knytt til yrkesrettleiing, programvalfag, valfag eller andre fag som til dømes natur og miljø. Lokale bondelag legg til rette ved å finne gardbruk eller bønder som kan bidra.</p> <p>Prosjektet vert organisert ved arbeidsgrupper i kvar kommune med representantar frå landbruksnæringa, og skulane. Prosjektet har blitt gjennomført av Sogn og Fjordane Bondelag sidan 2010. Prosjektet vart starta opp i samarbeid med grunnskuleni Nordfjord, og har seinare blitt utvida til å gielde 4 kommunar i Sunnfjord, samt Balestrand, Luster, Sogndal, Årdal og Vik i Sogn. Våren 2017 får vi også med ungdomsskulær i Hafslo og Årdal. Det vert og arbeida med å få auka aktivitet i Aurland og Lærdal.</p>	<p>Det er positivt at også representantar for næringa er tilstades på skulane for å bidra til auka rekruttering til naturbruksutdanningane. Prosjektet har gått i fleire år, men utviklar seg ved å utvide til nye ungdomsskulær. Vi tek ikkje stilling til vidare finansiering, men ynskjer å støtte prosjektet også i 2018.</p>	140 000
15. Fagskuletilbod Mo og Øyrane vgs.	Mo og Øyrane vgs.	100 000	200 000	<p>Mo og Øyrane fekk i fjar eit tilskot frå denne ordninga til å utvikle ein læreplan for eit fagskuletilbod som kunne sendast til godkjenning hjå NOKUT. Vi sa at eit tilskot skulle vere ei eingongsløyving og vere utan vidare økonomisk forplikting.</p> <p>Søknaden vart sendt til NOKUT 1. mars 2018 og skulen har sluttrapportert for tilskotet. «Mjølkeproduksjon med bruk av robot teknologi» er eit 1-årig fagskuletilbod. Studietilboden er delt opp i fire hovudemne. Studiet er for noverande og framtidige mjølkebønder, tilsette i leverandørindustrien og rådgjevarar innan for moderne mjølkeproduksjon. Studiet vil anten gå over eit år som eit heiltidstilbod, men og som eit samlingsbasert deltidsstudium dersom interessa viser seg å vere større for det. Fagskuletilboden er eit samarbeid med Fagskulen i Sogn og Fjordane.</p> <p>Det har vore tilsett ein prosjektleiar for arbeidet. Mo og Øyrane ynskjer midlar til å forlenga engasjementet for å fullføre prosjektet fram mot etablering av fagskule hausten 2019. Prosjektleiar skal følgje opp tilbakemeldingar frå NOKUT i samband med behandling av søknaden, utvikle detaljerte studieplanar og ha ansvar for marknadsføring av tilboden slik at det blir nok søkerarar.</p>	<p>Etableringa av eit fagskuletilbod innan tradisjonelt landbruk i Sogn og Fjordane er positivt. I fjar gav vi ei eingongsløyving på 70 000 kr. til å utarbeide ein læreplan som kan godkjennast av NOKUT, utan vidare økonomisk forplikting for fylkeskommunen. Det vert no søkt om vidare arbeid mellom tidspunktet for innsendning av søknad, og studiestart hausten 2019. Vi meiner arbeid som oppfølging av søknaden og utarbeiding av studieplanar er noko som følger naturleg av søknaden, og som bør vere ein del av det ordinære arbeidet. Vi meiner likevel at få på plass fagskuletilboden med god söking er viktig og ynskjer å sette av ein sum til å som hovudsakleg skal gå til å jobbe med marknadsføring av tilboden.</p>	40 000
16. Presisjonslandbruk og mekanisering for endra klima	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	150 000	2 090 000	<p>Gjennom eit prosjekt frå 2018-2020 vil NLR etablere eit fast rådgivingstilbod innan presisjonsgjødsling og mekanisering for Vestlandet frå Sunnmøre til Sunnhordland. Fokus vil vere Vestlandet sine utfordringar innan mekanisering og ny teknologi innan både jordbruk og hagebruk. For å finansiere prosjektstillinga i ein startfase, seier NLR at dei treng støtte frå dei tre fylka som prosjektlearen skal ha som arbeidsområde.</p> <p>Tiltaka i prosjektet vil m.a. vere kartlegging av aktuelt utstyr innan både jordbruk og hagebruk, kunnskapsformidling gjennom fagmøte og kurs, individuell rådgjeving og grupperådgjeving og nettverksbygging.</p> <p>Målet med prosjektet er å gje vestlandsbonden eit uavhengig rådgivingstilbod innan presisjonslandbruk og mekanisering. NLR skal ha kartlagt og utvikla fagområdet presisjonslandbruk og mekanisering tilpassa vestlandsforhold.</p>	<p>Sjølv om det kan vere positivt å etablere ei rådgjevingstilbod innan dette område, ser vi det ikkje som naturleg at vi skal prioritere å utvikle eit fagområde hjå NLR med desse midlane. NLR har også søkt fylkesmannen og dersom ein regional aktør skal inn i dette prosjektet ser vi det som naturleg at det er fylkesmannen, men dei må også vurdere dette ut frå sine kriterier.</p>	0

17. Utvikling av fagskule i lokal foredling av mjølk	Sogn Jord og Hagebruks-skule	95 000	520 000	<p>Prosjektet er å utvikle studieplan for fagskule i lokal foredling av mjølk i tråd med behov i næringa, og få den sendt til godkjenning i NOKUT innan september 2018. Finansiering av dei to første studieåra er ei utfordring og skal jobbast med parallelt. SJH vil arbeide med å få eksterne midlar slik at dei kan kome i gang alt i 2019.</p> <p>Studiestad er Sogn Jord- og Hagebrukskule som har nytt skuleanlegg og nytt ysteri skal stå ferdig i løpet av 2018. Dette ysteriet blir planlagt med tanke på opplæring og vil vera skreddarsydd for studiet som er planlagt startar. Det vil også bli bygd eit lite klasserom i tilknytning til ysteriet. Fagskulen i Sogn og Fjordane er ansvarleg institusjon og sender søknad til NOKUT.</p> <p>Det er ein veksande marknad for kvalitetostar. Fagkompetanse er nøkkelen til vellykka produksjon og suksess i marknadsføring og sal. Skal ein som produsent utnytte potensialet som ligg i marknaden i dag, bør ein ha solid kompetanse før ein startar, slik at ein har grunnlag for å lage ein god forretningsplan for drifta, og klarer å levere varer av god og stabil kvalitet frå første stund. Etter nesten 20 år med ystekurs på Sogn Jord- og Hagebrukskule har SJH eit godt utgangspunkt for å lage ein studieplan.</p> <p>Hovudeffekten av dette utdanningstilbodet skal vere å trygge vidare drift og utvikling av norske gardsysteri og vere ein viktig del av grunnlaget for at talet på slike ysteri kan vekse, i tillegg til at utdanninga også vil vera relevant for og trygge framtida til all meieriverksemid i Norge.</p>	Eit slikt kompetansetilbod vil vere viktig for næringa i heile landet, men også vere viktig for aktørar i fylket. Prosjektet støttar godt opp om satsinga som er gjort på skulen med nytt ysteri, men også om satsingar på foredling av mjølk gjort av fylkesmannen. Prosjektet vil vere viktig for næringa men også styrke SJH som sentral aktør innan småskala mjølkeforedling, noko som truleg vil vere svært positivt for skulen framover.	95 000
18. Rekruttering av elevar/studentar under Dyrsku'n i Seljord og Ørkouka i Oslo	Sogn Jord og Hagebruks-skule	95 000	145 205	<p>SJH ynskjer å prøve ut Dyrskun i Seljord og Ørkouka i Oslo som arena for rekruttering av elevar til landsline økologisk landbruk på SJH og til Fagskule økologisk landbruk. Det er utfordrande å nå ut til målgruppa for begge desse utdanningstilboda sidan den er spreidd over heile Norge og det er små utdanningsinstitusjonar.</p> <p>SJH har i liten grad delteke på store messer med standaktivitet fordi dei ikkje har hatt kapasitet til det, og har vore usikre på effekten. No ynskjer dei å prøve ut dette dei to arenaene som dei har best tru på at vi treffer målgruppa. Dersom dette gir ønska effekt vil dei prioritere dette, eller eventuelt andre arenaer i framtida - innanfor eige budsjett.</p> <p>Skulen har nyleg investert i nytt profileringsmateriale. Difor kjenner dei seg meir rusta og profesjonelle enn nokon gong til å profilere seg på slike store arrangement. Dei vil investere mykje tid i å førebu ein attraktiv stand.</p> <p>Effektene av prosjektet skal vera styrkja søkerand til SJH og Fagskule økologisk landbruk.</p>	Vi trur det kan vere fornuftig for skulen å vurdere nye rekrutteringsarenaer. I denne samanhengen vurderer vi det likevel slik at prosjektet ikkje når opp. Grunnen er at dette prosjektet hovudsakleg har effekt for skulen og mindre for næringa i Sogn og Fjordane. Vi vurderer det slik at vi støtter både næringa og skulen best gjennom tilskot til to andre prosjekt som skulen har søkt om.	0

19. Etablering av langsigkt kompetanseprogram for lokalmatprodusentar i Hordaland og Sogn og Fjordane	Matarena AS	225 000	3 095 000	<p>Matarena AS søker om midlar til å utvikle eit 3-årig kompetanseprogram for lokalmatprodusentar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Programmet skal bidra til auka profesjonalisering, styrke innovasjonsevne og auka verdiskaping. Gjennom auka kunnskap og samarbeid skal lokalmatprodusentane utvikle attraktive produkt og tjenester, noko som også skal styrke regionen si attraksjonskraft inn mot reiselivet.</p> <p>Det er gjennomført eit forprosjekt som peikar på behov for eit meir koordinert, målretta og langsigkt kompetanseprogram for lokalmatprodusentane. Det er behov for et mer overordnet program på tvers av ulike produsenter og som først og fremst fokuserer på marked, produktutvikling og distribusjon. Det er tett kopling mellom programmet og Bergen Matfestival.</p> <p>Matarena har erfaring med å drive langsigkt kompetanseutvikling for kokkar og produsentar og kan vise til kompetanseprogrammet som er etablert, utvikla og drifta i Smak av kysten i meir enn 10 år. Denne erfaringen vil dei dei dra nytte av i den nye satsingen – og om mogleg kople desse undervegs gjennom felles aktivitetar der det er hensiktsmessig.</p> <p>Mål om deltaking er til saman 35-50 lokalmatprodusentar. Gjennom deltakinga skal produsentane oppnå ein auke i omsetnad på minimum 10-15 % per år. Det blir lagt opp til to årlege praktiske og anvendbare samlingar og oppfølging ute i bedriftene.</p>	<p>Det er mykje positivt med dette prosjektet. Det er nok eit stort potensiale for auka profesjonalisering, innovasjon og verdiskaping innan området og Matarena har gode erfaringar frå mellom anna Smak av kysten. Ein del tiltak i prosjektet vert truleg gjennomført av andre allereie.</p> <p>Prosjektet er starta opp, men vi har hatt lang sakhandsamingstid så vi legg ikkje avgjerande vekt på det. Dei har også søkt fylkesmannen. Berre i svært sjeldne tilfelle finansierer både fylkesmannen og fylkeskommunen same prosjekt. Fylkesmannen har ikkje konkludert i saka, men vi ser ikkje at det er rom for å gå inn i prosjektet med midlar frå fylkeskommunen (rekryttering og kompetanseheving).</p>	0
<b>Sum utviklingsprosjekt</b>		<b>1 205 000</b>	<b>0</b>			<b>625 000</b>